



ÅRSMELDING
2019

INNHALD

2	Teatersjefen har ordet
4	Styret si årsmelding
6	Alt det lyse og alt det mørke
8	Georgs magiske medisn
9	Maria Magdalena
10	Translyria
12	Engelen frå Kobane
14	Jostedalsrypa
16	Lab-prosjekt workshop
17	Vinje, vår mann
18	Kinnaspelet
19	Gjestespel: Mottro
20	Geitejazz
21	Sommarles: Det usynlege barnet
22	Eventyrrommet
23	Gullhår og dei tre bjørnane
24	Norsk dramatikkfestival
25	Heddaprisen – nominasjon
26	Teater Vestland/Nynorskhuset
27	Statistikk
28	Personale
30	Resultat/balanse
32	Notar
38	Revisors beretning

TEATERÅRET 2019

Sogn og Fjordane Teater si verksemd er ein del av den nasjonale, kulturpolitiske målsetjinga om at alle i Norge skal ha tilgang til scenekunst av høg, kunstnarleg kvalitet.

I løpet av dei siste åra har det skjedd store endringar, og teateret står framfor store skifte. Region-samanslåinga er på trappene, og ei ny kulturmelding kom med varsel om nye økonomiske rammer og nytt forvaltningsnivå frå 2021.

2019 vart det siste året teateret turnerte under namnet Sogn og Fjordane Teater. Det er eit namn med historisk sus over seg, eit godt namn som har eksistert i 43 år. Eg kan med glede sjå tilbake på og samanfatte 2019 som året der vi framleis heitte Sogn og Fjordane Teater og turnerte i små og store kommunar med framsyningar av høg kunstnarleg kvalitet i vestnorsk språkdrakt.

Året har vore prega av stor aktivitet med ni eigenproduksjonar, gjestespel, samproduksjonar, lab-prosjekt og eventyrstunder for dei minste.

Repertoaret byggjer på prinsippa lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi skal vere lokalt forankra, nasjonalt orienterte og internasjonalt inspirerte. Vi er eit teater for dei mange og for dei få. Og så håper eg at dei mange har likt det som var tenkt for dei få - og omvendt.

Kjerneverdiane til teateret er å vere engasjerande, inkluderande og modig. Det håper eg at teateråret 2019 speglar.

Fellesnemnaren for repertoaret var born og ungdom. Temaet oppvekst på godt og vondt har stått sentralt. I årets framsyningar har publikum møtt born og ungdom som har vore utsette for omsorgsvikt, som er på leit

etter identiteten sin, og som har vilje, lyst og mot til å utfordre omgjevnadane sine.

Sesongen vart opna med ein urpremiere, *Alt det lyse og alt det mørke* av Miriam Prestøy Lie, basert på ein roman av Brynjulf Jung Tjønn.

Framsyinga skildra forholdet mellom eit barn og hennar alkoholisererte, men omsorgsfulle far. Stykket vart fortalt frå barnets ståstad, noko som forsterkar kor samansett ein slik situasjon er for barnet, og kor nyansert tilværet hennar kunne skildrast, ikkje berre som mørke, men heller ikkje berre som lys.

Målet vårt var å nå ei samansett publikumsgruppe, både vaksne og ungdom.

Årets klassikar vart eit møte med verda til William Shakespeare på ein ny og forfriskande måte. Under tittelen *Translyria* sette regissør Frode Gjerløy saman fleire av meisterens mest kjende stykke, mellom andre *Macbeth*, *Hamlet*, *Romeo og Julie* og *Trettandedagskvelden*.

Framsyinga vart ei spektakulær og spennande feiring av alle kjønnsidentitetar: mann, kvinne, transmann, transkvinne, flytande kjønn og non-binære. Den klassiske Shakespeare vart feira og dagens samfunn utfordra.

I året som gjekk samarbeidde vi med Riksteatret og Haugesund Teater. Sogn og Fjordane Teater har ikkje produsert store barneframsyningar for ofte. Men gjennom turnésamarbeidet med Riksteatret om *Georgs Magiske Medisin* av Roald Dahl fekk vi eit unikt høve til å styrke satsinga på eit yngre publikum. Roald Dahl skaper historier som alltid tar parti med barnet, og han gir eit spark til dei som fortener det, dei maktsjuka, arrogante og fordømande.

I 2019, som i dei føregående åra, utfordra vi oss sjølve med eit mangfald av speleplassar. Mellom anna har kyrkjene i fylket blitt ein naturleg speleplass for oss. Vi sette difor opp att framsyninga *Maria Magdalena – Jesu virke*, den andre monologen i Håvard Rem sin trilogi om Messias, der tre kvinner gir sin versjon av evangelia.

Ein annan produksjon som òg blir tatt opp att år etter år, er *Kinnaspelet*. Teateret er kunstnarleg ansvarleg og samarbeidspartnar for det historiske spelet, *Songen ved det store djup* av Rolf Losnegård. Vi er stolte av å vere ein del av Kinnaspelet. Det er med på å styrke og utvikle scenekunstmiljøet i regionen.

Merksemda rundt teateret og produksjonane våre har auka dei siste åra. Vi ønsker å vere ei tydeleg stemme og å bidra til utviklinga av kunst- og kulturlivet i vestlandsregionen. Det betyr at vi må halde fram med å skape interesse for teateret i sin heilskap. Så lenge vi er profesjonelle, offensive, dristige, underholdande og modige, kan vi møte og få nye tilskodarar i alle aldersgrupper.

Samtidsdramaet dette året var *Engelen frå Kobane* av Henry Naylor, eit samarbeid med Hordaland Teater. Stykket fortel om dei umenneskelege vala og utfordringane ei pasifistisk tenåringsjente vart stillt overfor under okkupasjonen av Kobane. Publikum fekk eit tankevekkande innblikk i kor sårbart det er å vere ei ung kvinne i krig.

Å vere eit aktivt produserande og turnerande teater i Sogn og Fjordane krev at vi er relevante og viser kvar vi høyrer til. Målet vårt er å fortelje historier som vi kan kjenne oss att i og som kan skape identitet, historier som byggjer på lokalkunnskap og tradisjon.

Teateret sitt lab-prosjekt har gitt oss høve til å forske på det som skal bli ein del av repertoaret vårt. I 2019 vart årets lab-prosjekt flytta til Oslo, og i samarbeid med Dramatikken Hus jobba vi med manusforfattar Maria Tryti Vennerød, komponist Julian Skar, skodelspelarar, musikarar og regissør i ei veke.

Det skapte grunnlaget for årets hovudsatsing og den andre urpremieren, den nyskrivne familiemusikalen *Jostedalsrypa*, inspirert av sagnet og av meir moderne barnelitteratur. Framsyninga vart ein stor suksess. Vi møtte Rypa, den einaste i Jostedalen som overlevde Svartedauden. Sjølv om det er ei trist og sorgjeleg historie, så er det òg ei historie om draumar, lengsel, håp og kjærleik. Rypa overlevde og Sogn og Fjordane fekk sin eigen musikal.

Også i 2019 hadde vi framsyningar i Eventyrrommet, som er ei viktig scene for dei minste. Vi hadde ulike verkstadsamlingar for born, og vi spelte eldre framsyningar som *Nordavinden* og *Geitejazz*, som òg var på turné med Den kulturelle skulesekken (DKS). Vi produserte også nye framsyningar, mellom anna ei iscenesett lesing av *Det Usynlige Barnet* av Tove Jansson. Denne framsyninga vart vist på ulike bibliotek rundt omkring i fylket i samband med Sommarles-kampanjen i regi av Sogn og Fjordane fylkesbibliotek og vart godt mottatt av både born og vaksne.

Kyrre Eikås Ottersen framførde ein omarbeidd versjon av *Vinje, vår mann*. Åleine med ein gitar oppsøkte han sjukeheimar, kafear, vandrehytter og andre lokale både i Sogn og Fjordane og i Hordaland. Han spelte kjende og kjære tekstar frå *Ferdaminne* og utvalde dikt av Aasmund Olavsson Vinje, som var ein av dei første som tok i bruk det nynorske skriftspråket.

I 2019 fekk teateret to nominasjonar til Heddaprisen, noko vi er svært stolte av. Reidun Melvær Berge vart nominert som beste kvinnelege skodespelar for sin rolleprestasjon i *Alt det lyse og alt det mørke*, medan *Engelen frå Kobane* vart nominert som beste framsyning for ungdom. Miriam Prestøy Lie hadde regi på begge desse framsyningane.

«Sogn og Fjordane Teater skal produsere framsyningar som skaper debatt, som underheld og som tar i bruk nynorsk målform.»

I løpet av 2019 var vi innoom alle kommunane i fylket. Alt i alt besøkte vi 95 ulike spelestader, hadde 198 kunstnarlege framsyningar og 21 ulike formidlingsarrangement.

Vi takkar alle arrangørane som har tatt imot oss, og ikkje minst 18745 tilskodarar, store og små, som besøkte teateret i løpet av året. Eg vil òg nytte høvet til å takke alle tilsette på Sogn og Fjordane Teater og alle tilreisande scene-kunstnarar for den store, felles innsatsen i 2019.

Frå årsskiftet 2020 skiftar Sogn og Fjordane Teater namn til Teater Vestland og får nytt, utvida turneområde. Nynorsken står sterkt i det nye fylket, og vi gler oss til nye utfordringar, nye arrangørar og nye publikumsgrupper.



Bodil Kvamme

Bodil Kvamme
Teatersjef

STYRET SI ÅRSMELDING

Sogn og Fjordane Teater driv teaterverksemd i heile Sogn og Fjordane og held til i Førdehuset i Førde. Teateret er ein viktig del av fylket sitt kulturtilbod og når innbyggjarane i fylket med scenekunst av høg kunstnarisk kvalitet på nynorsk.

I 2019 viste teateret 198 : framsyningar, vitja 95 spelestader og presenterte 9 eigenproduksjonar. I Førde spelte vi 63 framsyningar, resten vart vist på turne. Vi har nådd publikum over heile fylket og vitja alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Publikum tok godt imot tilhødet vårt, og totalt hadde teateret 18 745 tilskodarar i 2019. Særleg «Alt det lyse og alt det mørke» og «Jostedalsrypa» seide godt. Den kulturelle skulesekken (DKS) har vore ein god samarbeidspart i år. Det er ei viktig satsing for oss at bom og unge :far oppleve scenekunst av høg kvalitet på eige språk.

Publikumstalet gjev grunnlag for optimisme med tanke på publikum og presse si interesse for teateret og framsyningane våre. Vi legg vekt på å arbeide langsiktig med publikumsutvikling og er opptekne av korleis besøkstala utviklar seg over tid, medvitne om svingingar frå år til år.

Styret er stolte over å ha fått to ulike nominasjonar til Heddaprisen i 2019. Reidun Melvær Berge fekk nominasjon som beste kvinnelege skodespelar, hovudrolle, for hennar tolking i «Alt det lyse og alt det mørke». Framsyninga «Engelen frå Kobane» fekk nominasjon for beste framsyning for ungdom. Det vart ikkje pris denne gongen, men det er ei viktig anerkjening å vere nominert og viser at arbeidet vårt held høgt kunstnarisk nivå.

I 2019 har vi hatt fleire spennande samarbeid. Vi bidrog til Nynorsk Barnebokfest i Førde og på Eid saman med Rom for Ord og til «Bomas Verdsdag» med Førdefestivalen. Vi reiste runde med ei isenesett lesing av «Det usynlege barnet» til mange bibliotek i

fylket i samarbeid med fylkesbiblioteket. I tillegg har vi hatt ulike bidrag på Førdehuset sine familielaurdagar. Det gler oss å sjå at dette har hatt innverknad på publikumstalet, supplert tilhødet og auka publikums-tilfanget, spesielt i vertskommunen.

Sogn og Fjordane Teater har skapt mange gode opplevingar i bygder og byar i 2019 og vil hal de fram med å syne teater av høg kunstnarisk kvalitet på nynorsk. Teateret vedtok i 2019 å endre namn til Teater Vestland frå 2020. Målet er å vere eit turneteater for heile det nye fylket. Vi har i år arbeidd mykje for at teateret skal få anledning til å vekse og utvikle seg.

Satsinga på nye lokale i Nynorskhuset i Førde er den mest sentrale oppgåva for å sikre fornying og utvikling. Det er i 2019 lagt ned mykje tid og ressursar i arbeidet med å realisere Nynorskhuset i samarbeid med NRK Vestland og avisa Firda.

Hausten 2019 blei det også gjennomført tilsetjing av teatersjef til neste åremålsperiode 2021-2024. Etter krevjande rundar med fleire gode søkjarar, er styret nøgd med å ha tilsett Cecilie Grydeland Lundsholt på tampen av 2019. Lundsholt tiltrer stillinga 1.01.2021.

Styret er særleg godt nøgd med dei kunstnarlege resultatata i 2019 og ynskjer å takke teatersjefen og alle medarbeidarane for innsatsen. Styret opplever og å ha ein god relasjon til eigarane og vil takke for samarbeidet med tilskotspartane og alle andre som har bidrege til teateraktiviteten i 2019.

ØKONOMI

Rekneskapan for 2019 syner eit underskot på kr 657 186. Det skriv seg frå kostnader knytte til arbeidet med å realisere Nynorskhuset og frå løns-kostnader til storsatsinga Jostedalsrypa. Teateret valde å nytte opptent eigenkapital for å gjennomføre viktige prosjekt, og hadde planlagt med eit underskot på kr 215 000 i 2019. Resultatet er såleis kr 442 186 dårlegare enn budsjettet.

Billettinntektene var kr 1 686 021, og samla drifts-inntekter var kr 30 120 521. Av dette er 5,5 % eigen-inntekter, som er om lag det same som i 2018 og 2017.

Resultatet i 2019 reduserer eigenkapitalen til teateret, men trass i reduksjonen er eigenkapitalen solid på knappe 3.4 mill og innanfor styret sitt mål.

Styret uroar seg over fleire år med ABE reform som <lei siste 6 åra gradvis har svekka økonomien til teateret ved at det ikkje er gitt fullt ut kompensasjon for løns- og prisvekst. Teateret har møtt dei økonomiske utfordringane med endringsvilje, men dei svekka rammene syner seg vanskelege å komme i møte, sjølv med god planlegging og ressursutnytting. Difor er det ekstra godt for teateret å få gladmeldinga frå Kulturdepartementet om påslag i løyvingane frå 2020 på 1 mill kroner til satsinga vår på Nynorskhuset i Førde. Styret ser fram til å følgje arbeidet med realisering av prosjektet tett framover.

Teateret har innskotsbasert pensjon og ny AFP ordning. Pensjonskostnadene vert førte etter kontantprinsippet i tråd med rekneskapsstandarden for små bedrifter, og er omtalte i eigen note i årsrekneskapan (note 5).

Teateret er i si ordinære verksemd utsett for låg rente-, kreditt- og valutarisiko og arbeider medvite med å ha ein akseptabel risiko innan desse områda.

PERSONALE

Teateret hadde 21 fast tilsette, to personar på åremål i 2019. Gjennom året var det engasjert vikarar og frilanspersonale som til saman utgjorde 8 årsverk. Samla årsverk ved teateret i 2019 var 31.

2019 var Bodil Kvamme sitt fjerde år som teatersjef. Åremålet går ut 2020.

Teateret arbeider systematisk for å redusere risiko og leggje til rette for eit godt arbeidsmiljø. Eit viktig element i helse miljø og tryggleiksarbeidet er teateret

si avtale med bedriftshelsetenesta Stamina. Teateret er IA verksemd og har signert avtale om inkluderande arbeidsliv.

Totalt sjukefråvær i 2019 var 444 dagar. Dette svarar til 5,8 % av total arbeidstid i året. Dette er 3,6 % høgare enn i 2018. Teateret har eigne interne rutinar for oppfølging av sjukemelde. Det har ikkje vore meldt om alvorleg skade eller ulykker på personale i 2019.

Teateret har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 16,4 årsverk kvinner og 14,5 årsverk menn. Av vitskapeleg og kunst- og kulturfagleg personale brukte teateret 11,7 kvinnelege og 10,7 mannlege årsverk i 2019. Styret består av tre menn og to kvinner.

Av varamedlemmene til styret er tre kvinner og tre menn. Ved tilsetjing prøver teateret å utjamne eventuell ubalanse mellom kjønna. Utover dette ser ikkje styret nokon grunn til å setje i verk tiltak.

Arbeid med å førebyggje trakassering og diskriminering har høg prioritet ved teateret. Vi har tydelege presiseringar i interne retningslinjer og null toleranse for all form for trakassering og diskriminering.

EIGEDELAR OG MILJØ

Sogn og Fjordane Teater leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset av Førde kommune. Det vart signert ei ny leigeavtale med kommunen i 2018, som gjeld til og med 2023. Det er avtalt kortare leigetid enn tidlegare grunna arbeidet med å greie ut flytting til det planlagde Nynorskhuset i Førde.

Kommunen låner og ut Gamle Prestegarden i Førde til teateret mot at teateret held ved like bygningen. Huset vert nytta som bustad til engasjerte skodespelarar og anna tilreisande personale. Teateret leiger og eit fjernlager i Førde.

Teateret eig tre leilegheiter sentralt i Førde, ein lastebil og to varebilar. Elles leiger teateret fleire transportmiddel og bustader der det er behov for det.

Det er gjort fleire investeringar i 2019, blant anna i nytt lysutstyr til turne og ny bil til vare- og persontransport. Investeringane aukar kvaliteten for publikum og gjer at arbeidet i samband med turneverksemd er meir effektivt. Investeringsbehov vert vurderte kvart år i samband med budsjettarbeidet. Scena i Førde og trosseriggen til turne vert sertifiserte kvart år. Anna teknisk utstyr i teateret si eige er i god stand, og det er ikkje meldt om skade på eige utstyr i 2019.

Teateret har halde fram med å leige og låne ut teknisk utstyr, kostyme og lokale til lag, organisasjonar, skular og teatergrupper. Teateret sitt personale bidreg og med kompetanse og faglege råd til amatørar og frivillige der det let seg gjere.


Teateret har i all si verksemd som mål å ikkje ureine det ytre miljøet. I 2019 har teateret delteke i Norsk Teater og Orkesterforeining sitt arbeid for å etablere eit «grønt veikart for kultur», som er ei satsing på å utvikle metodar for å gjere kunst og kulturinstitusjonar meir miljøbevisste.

VIDARE DRIFT

Styret vurderer det slik at teateret har overhalde føresetnadene knytte til dei offentlege tilskota, og at både resultat og måloppnåing er tilfredsstillande. Styret er nøgd med at teateret held fram med å styrkje si stemme og relevans i Sogn og Fjordane og ser fram til at dette no og skal komme heile Vestland til gode.

Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Førde, 24.02.2020



Rasmus Mo
Styreleiar



Iris Lofheim
Nestleiar




Bodil Kvamme
Dagleg leiar



Ola Tarjei Kroken
Styremedlem



Kjeil Arvid Furevik
styremedlem



Kristine Lie
styremedlem

ALT DET LYSE OG ALT DET MØRKE



Urpremiere 18. januar i Førdehuset, Teatersalen
Framsyingar: 21
Publikum: 1.740
Formidlingsaktivitetar: 2
Publikum på formidlingsaktivitetar: 84

Av Brynjulf Jung Tjønn

Dramatisering og regi Miriam Prestøy Lie

Scenograf og kostymedesignar Dordi Strøm

Musikar Selma Stang

Lysdesignar Krystian Myska

Inspisient Charlotte Prydz Ottesen

Medverkande

Reidun Melvær Berge

Kyrre Eikås Ottersen

Idun Losnegård

Joakim Thrane

Selma Stang

Systove Anna Wingård og Sakiba Arnautovic

Rekvisitt Synnøve Ringdal

Marknad Lene Grande og Kjell Mjelleli

Turné

Turneleiar/sjåfør Halldor Horne

Scenemeister/snikkar Kjell Furevik

Inspisient/teknikar/lys Krystian Myska

Teknikar lyd Robert Tomkiewicz

Teknikar/rekvisitt Charlotte Prydz Ottesen

Teknikar Odd Magne Herland



Samtidsdrama av beste sort.
"Resultatet er revolusjonerande.
I oppsetjinga til Sogn og
Fjordane Teater blir det
dramatiske innhaldet så
overveldande at ein mest ikkje
torer å trekkje pusten."...
"Publikum er som lamma, for her
held Reidun Melvær Berge, oss i
eit jargrep frå første stund, og
hennar angst og fortvilning vert
følgt av musikk/lys/lydar som
varslar stor katastrofe"... "Det er
så gode scener og glitrande spel
at underteikna sjeldan har sett
noko liknande."

- Fjordingen

"I det kraftfulle samspillet
mellom Kyrre Eikaas Ottesen
som far og Reidun Melvær Berge
som Vibeke, er framsyninga
umuleg å verje seg mot. Alle
som har hatt foreldre eller er
foreldre vil kunne kjenne seg
råka av desse scenene, trass i at
utfordringane ein sjølv har erfart
vonleg ikkje er så store som dei
vi ser på scena."

- Norsk Shakespearetidsskrift

"Det slår meg at dette stykket
fyller alle sansar. Lukta av
trespon og sigarettøyk. Håret
som reiser seg på ryggen og den
salte tåra som pressar seg fram.
Her er ingen daupunkt, regissør
Miriam Prestøy Lie har levert eit
solid og på same tid nyskapande
handverk og handterer den
vanskelege balansekunsten
mellom humor og sorg, lidning og
lått, på ein framifrå måte."

- Scenekunst.no

"Sterk roman blir sterkt teater
med sterkt spel i hovudrolla.
Nok ein roman er dramatisert
for scenen, men denne gongen
er det ikkje blitt berre lettvinnt
nedhøvling av ein prosatekst.
Brynjulf Jung Tjønn's ferske
roman er eit realistisk og
skakande dokument om
omsorgssvikt som går i arv, og
Miriam Prestøy Lie har skapt
godt teater av det - heile tida frå
barnets perspektiv."

- Dag og Tid



GEORGS MAGISKE MEDISIN

Premiere: Oslo, Nydalen 4. oktober 2018

Turné i Sogn og Fjordane: 3.-11. februar 2019

Framsyningar i Sogn og Fjordane: 8

Publikum Sogn og Fjordane Teater: 664
(Årdal, Høyanger, Måløy, Stryn)

Publikum Sogn og Fjordane elles: 1.324
(Førde, Florø, Sogndal, Eid)

Av Roald Dahl

Dramatikar og regissør Morten Joachim

Kostymedesignar og scenograf Gjermund Andresen

Lysdesignar Øystein Heitmann

Komponist Gunnar Eiriksson

Produsent Wenche Viktorsdatter Paulsen

Teaterforlaget Nordiska Aps - København

Medverkande

Ellen Andreassen

Ulla Marie Broch

Espen Mauno

Kristian Winther

Andreas Bratlie

Produsert av Riksteatret i samarbeid med Haugesund Teater og Sogn og Fjordane Teater. Turnert av Riksteatret.



TEATRET

H A U T

"Dette vart eit møte med min eigen barndom på 60-talet med ein fortetta time med bibelsoge"...

"Framsyinga meistarar å variere tempo og intensitet på ein avstemt måte"

- Skaparverk

MARIA MAGDALENA

Nypremiere 3. april i Naustdal kyrkje

Framsyingar: 18

Publikum: 625

Av Håvard Rem

Omsetjing Asbjørg Lotsberg

Regi Marit Østbye

Med Reidun Melvær Berge

Kostymedesign Else Lund

Lysdesign Krystian Myska



"Det er lekkert å se på, og det har noe drømmeaktig over seg. Det er løst og bevegelig, åpent og flytende. Kjønn og identitet er i flyt. Godhet og ondskap er i flyt. Samhold og avvising er i flyt."

– Dagbladet

"Sogn og Fjordane teater har skapt ei sanseleg Shakespeare-tolking som på nye måtar løftar fram dei djupt felles-menneskelege innsiktene i dramatikken hans."

– Norsk Shakespearetidsskrift

"Vakker og leiken herjing med William Shakespeare." "Eit visuelt velspela og særers leikent ensemblespel."

– Klassekampen

TRANSLYRIA



Premiere 15. mars i Førdehuset, Teatersalen
Framsyningar: 19
Publikum: 1.147
Formidlingsaktivitetar: 3
Publikum på formidlingsaktivitetar: 53

Tekstar av William Shakespeare

Omsetjing Edvard Hoem

Manus og regi Frode Gjerløw

Scenograf og kostymedesignar Ellan Parry

Lysdesignar Kaja Glenne Lund

Lyddesignar Ross Flight

Dramaturg Bodil Kvamme

Inspisient og sufflør Karoline Solbakken Og Charlotte Prydz Ottesen

Konsulent, Versemål Marit Østbye

Systove Anna Wingård, Sakiba Arnautovic,

Anette Eide Røsandhaug Og Rebecca Dahle

Rekvisitt og dekor Synnøve Ringdal, Charlotte Rhintler

Marknad Lene Grande, Marion Aas Wie Og Kjell Mjelleli

Plakatfoto Thomas Morel

Turnelag

Turneleiar/sjåfør Halldor Horne

Inspisient/teknikar/lys Krystian Myska

Teknikar lyd Robert Tomkiewicz

Teknikar/rekvisitt Synnøve Ringdal

Teknikar/scenemeister Kjell Furevik

Teknikar/sjåfør Odd Magne Herland

Medverkande

Sulekha Ali Omar – Viola, Sebastian

Preben Lillebø Rongve – Narren, Benvolio

Ida Løken Valkeapää – Orsino

Anders Firing Aardal – Olivia, Mercutio

Benedikte Karine Sandberg – Julie



Den kulturelle
skulesekken

ENGELEN FRÅ KOBANE



Nypremiere 14. juni på Det Norske Teatret/
Heddadagene
Framsyingar: 19
Publikum: 1.266
Formidlingsaktivitetar: 2
Publikum på formidlingsaktivitetar: 76

Original tittel Angel

Av Henry Naylor

Omsetjing Elise Risnes Eikevik

Regi og visuelt uttrykk Miriam Prestøy Lie

Med Madalena Sousa Helly-Hansen

Lys Jon Eirik Sira

Teaterforlaget Nordiska Aps

Samproduksjon mellom Sogn og Fjordane Teater

og Hordaland Teater. Framsyinga Hadde

Urpremiere På Hordaland Teater i 2018.

Turné

Turné Oslo Krystian Myska

Turneleiar/Sjåfør Sogn og Fjordane Halldor Horne

Teknikar/lys Sogn og Fjordane Atle Øydvin

Heddadagene i Oslo 14.-15. Juni

Teaterfestivalen i Fjaler 12. September

Turné i Sogn og Fjordane 14.10-9.11

HEDDA
HEDDA


TEATERFESTIVALEN
I FJALER



FOLKEAKADEMIET



Den kulturelle
skulesekken



*"Helly-Hansen er ei sjokkbølge og ei stjerne."
- Teaterungdom.no*



"For selv med kropper som smuldrer, mennesker som settes fyr på og dødsangst i setet, iallfall for de minste, så er også dette en veldig koselig musikal. De bryter ut i sang, både til glede og desperasjon. Og det er ikke lettvinde vendinger og umiddelbare hits som serveres, men sanger som sakte, men sikkert vokser på en fremført av et fempersons orkester. Det er dynket i strykere, som bidrar til å gjøre det ekle virkelig ekkelt, og det sentimentale enda søtere. For til tross for noen mangler er det gledelig at unge kan oppleve noe så sjeldent som en nyskrevet musikal som tar sikte på å utfordre og åpne for vanskelige diskusjoner."

- Norsk Shakespearetidsskrift

"Jostedalsrypa på Sogn og Fjordane Teater imponerer med sin vilje til å gripe fatt i mørke temaer i et tilgjengelig visuelt og musikalsk språk."

- Periskop.no

"Scena er kvit og kald, det er mest så ein kjenner den isanande trekken frå Jostedalsbreen"... "Jostedalsrypa er solid handverk, djupt alvor vekslar med herleg humor"... "Det er forløysande at dramatikar Maria Tryti Vennerød og komponist Julian Skar ikkje har brydd seg så mykje om å vere historisk korrekte eller realistiske."

- Scenekunst.no

"...som midtvegs er ein sjarmbombe, særleg på grunn av dei mange artige dyra, flotte dokker, og god og synkron dokkeføring. Mye fin musikk er det også, og dyktige songarar i ensemblet. Så alt i alt blei det ei opplevingsrik, velspela og fantasifull musikal."

- Klassekampen

JOSTEDALSRYPA



Urpremiere 8. november i Førdehuset, Teatersalen
Framsyingar: 26
Publikum: 3.343
Formidlingsaktivitetar: 1
Publikum på formidlingsaktivitetar: 15

Av Maria Tryti Vennerød og Julian Skar
Regissør Torkil Sandsund
Musikalsk leiar Kåre Sandvik
Scenograf Tormod Lindgren
Kostyme- og dokkedesignar Dordi Strøm
Lysdesignar Krystian Myska
Dokkemakar Kari Noreger
Maskør og parykkmakar Tonje Lie
Koreograf Jon Werede Hope
Dramaturg Bodil Kvamme
Lyd Robert Tomkiewicz
Inspisient Charlotte Prydz Ottesen

Medverkande

Reidun Melvær Berge
Idun Losnegård
Kyrre Eikås Ottersen
Oda Kirkebø Nyfløtt
Eirik Risholm Velle
Per Arne Løset

Orkester

Kåre Sandvik
Stig Rennestraum
Matias Monsen
Arne Toivo Sandberg
Miriam Bergset

LAB-PROSJEKT

JOSTEDALSRYPA

– ein eventyrmusikal

Maria Tryti Vennerød, dramatikar
Julian Skar, komponist
Torkil Sandsund, Regissør
Idun Losnegård, Skodespelar
Reidun Melvær Berge, Skodespelar
Kyrre Eikås Ottersen, Skodespelar
Per Arne Løset, Skodespelar og figurfører
Kåre Sandvik, Musikalsk Leiar
Stig Rennestraum, Musikar
Matias Monsen, Musikar
Arne Toivo Sandberg, Musikar
Magnhild Skomedal Torvang, Musikar
Jan Øyvind Grung Sture, Musikar
Bodil Kvamme, Teatersjef
Karoline Solbakken, Produksjonsleiar

Dramatikkens hus

Jostedalsrypa i storbyen

I slutten av mars fekk Oslo besøk av sjølvaste Jostedalsrypa, skodespelar Reidun Melvær Berge. Medskodespelarane Idun Losnegård og Kyrre Eikås Ottersen var også med på lab-prosjektet på Dramatikkens hus.

I Sogn og Fjordane er vi godt kjente med segna om Jostedalsrypa. Jenta overlevde Svartedauden som tok livet av meir enn annankvar nordmann midt på 1300-talet. Heilt åleine måtte ho klare seg gjennom vinteren, og innan ho vart funnen neste vår, var ho skjerr som eit vilt dyr.

Eventyrmusikalen Jostedalsrypa er inspirert av segna, men tar oss med vidare inn i ei eventyrleg og magisk musikalsk verd.



Foto: Torodd Lindgren

Vi tok ein prat med dei tre skodespelarane for å høyre korleis arbeidet «på labben» gjekk føre seg.

— Vi kasta oss rett og slett ut i ei skisse av alt som fanst av materiale på det tidspunktet. Målet var at dramatikar, komponist og regissør skulle få sjå kva som kunne fungere, og kva som måtte endrast, slik at vi er klare til å starte arbeidet i haust, forklarar Reidun, som spelar sjølve Jostedalsrypa.

KOMME NÆRARE ESSENSEN

I fire dagar arbeidde skodespelarane saman med regissør Torkil Sandsund, dramatikar Maria Tryti Vennerød og komponist Julian Skar.

— Vi fekk eit utkast til manus på førehand,

i tillegg til songtekstar og melodiar. I løpet av veka prøvde vi ut både tekst og musikk, la til og trakk ifrå, for å komme nærare essensen i forteljinga, rygggrada i teksten, fortel Idun.

— Vi vart godt kjente med dei ulike karakterane og snakka mykje om deira veg gjennom stykket. Kva symboliserer dei, kva står dei for, kva kan setjast opp mot kvarandre? Slike spørsmål, legg Kyrre til.

KREVJANDE ARBEID

Dei legg ikkje skjul på at det var eit spennande, men krevjande arbeid.

— Ein må legge vekk det meste av sjølvkritikk og forfengeligheit, seier Idun og held fram:

— Samtidig er det utruleg spennande å

vere med på utviklinga av teksten. Styrken ved å ha eit lab-prosjekt på eit tidleg stadium er at skodespelarane snik seg på innsida av karakterane og kan stille viktige spørsmål. Dei kan komme med opplysningar som ein ser først når ein er på innsida av karakteren, og gi verdifulle innspel.

Ho får støtte frå både Kyrre og Reidun:

— Ja, vi skjønte fort at det kom til å bli intenst. Men det kjentest trygt, og det var god stemning heile vegen, så det var ikkje så veldig farleg å berre kaste seg ut i det, smiler Kyrre.

— Eg har fått øve meg på å hugse at det ikkje var kvaliteten på det eg skulle gjere som stod i fokus her, men ei større oversikt. Det har vore utruleg spennande å bli kjent med materialet, dei eg skal jobbe med til hausten og ikkje minst å sjå korleis hovuda til dei som skaper dette universet, knakar og jobbar i prosessen, fortel Reidun.

GRAVEARBEID


Også teatersjef Bodil Kvamme var på plass på lab-prosjektet på Dramatikkens hus.

— Eg er imponert over skodespelarane våre som kasta seg ut i det og tok alt på strak arm. Det er heilt fantastisk! Sjølv sagt er det mykje som enno ikkje er ferdig, men det eg fekk høyre var utruleg bra, og vi fekk alle ei kjensle av kva veg vi ønsker å gå. Eg tviler ikkje eitt sekund på at dette kjem til å bli eit fantastisk og spennande prosjekt, fortel ho.

Skodespelarane gler seg til å gå i gang med Jostedalsrypa til hausten.

— Det er jo heilt fantastisk at ein kan ta utgangspunkt i eit lokalt segn som er kjent for så mange, og lage musikal av det. Vi lagar ei familieframsyning om noko som vi «eig», seier Kyrre.

— Segna om Jostedalsrypa er ei historie som eg har vakse opp med, og det er difor pirrande å skulle grave i ho og å få lov til å vise ho fram. Eg trur dette kan bli eit eventyr, avsluttar Idun.



*"Ei heilt fantastisk framsyning er over.
Verkeleg ei gripande og flott framføring
av Kyrre Eikås Ottersen."*

- Askrova Bygdelag

VINJE, VÅR MANN

Nypremiere : 3. mai

Framsyningar: 27

Publikum: 746

Vinje, vår mann vart spelt på Dagsturhytte, sjukeheimar, pensjonistlagsmøter, folkeakademimøter, kafear og Nynorske litteraturdagar i Flåm.

Tekstar av Aasmund Olavson Vinje og Lars Amund Waage

Bearbeidd av Bodil Kvamme og Kyrre Eikås Ottersen

Regi Bodil Kvamme

Med Kyrre Eikås Ottersen

Idé og prosjektutvikling for» Vinje, vår mann» i 2018:

Janne Karin Støylen, Rom for ord.

Framsyninga vart produsert av Sogn og Fjordane Teater med støtte frå stiftinga Fritt ord og Norsk kulturråd.





KINNASPELET

– songen ved det store djup

22.-23. juni
Framsyningar: 4
Publikum: 2.000

Av Rolf Losnegård
Komponist Per Janke Jørgensen
Regi Oda Alisøy
Musikalsk ansvarleg Harald Dahlstrøm

Medverkande
Idun Losnegård
Kyrre Eikås Ottersen
Lars Berge
Reidun Melvær Berge
Torfinn Nag
150 amatørar

Musikarar
Harald Dahlstrøm
Arne Hammer
Jakob Wyrzt
Adele Halten
Rolf Prestø

Inspisient Jenny Pettersen
Teknikk Odd Magne Herland
Lyd Robert Tomkiewicz





**GJESTESPEL FRÅ
HORDALAND TEATER**

OPPDRAG MOTTRO

Framsyningar: 5

Publikum: 1.431

Av og med Linda Eide

Regi Arvid Ones

Scenografi Olav Myrtvedt

Lys Einar Bjarkø

Video Einar Bjarkø, Linda Eide

Video/lyd/tilrettelegging Mathias Grønsdal

Motto si stemme Liv Bernhoft Osa

Produsert i 2018 av Hordaland Teater i
samarbeid med Hihat.





GEITEJAZZ

Framsyningar: 13

Publikum: 888

Inspirert av Brødrene Grimm
Manus og regi Idun Losnegård
Med Idun Losnegård
Musikar Jakob Wyrztz

Produsert i samarbeid med
Førde Kulturskule



Den kulturelle
skulesekken



Førde Kulturskule

Førde kommune



SOMMARLES-KAMPANJE

DET USYNLEGE BARNET

AV TOVE JANSSON

31. august - 13. september

Framsyrningar: 11

Publikum: 666

Biblioteka i fylket og Sogn og Fjordane Teater er sentrale i arbeidet med å fremme nynorsk språk gjennom nynorsk scenekunst og gjennom å gi tilgang til bøker og media på nynorsk. Å ha tilgang til, og å verte eksponert for, gode tekstar på nynorsk er avgjerande for å halde på språket.

I samband med Sommarles-kampanjen, som er ein årleg, landsomfattande og digital lesekampanje, produserte teateret ei eventyrstund som besøkte fleire av Sommarles-festane.

Skodespelar Reidun Melvær Berge plukka fram favoritteventyret sitt, Det usynlege barnet av Tove Jansson, ei nydeleg forteljing om tid og omtanke, noko alle kan ta med seg i kvardagen. Reidun gjekk inn i dei ulike karakterane, og vi fekk møte Mummitrollet, Lille My, Ninni og Too-tikki.

Biblioteka som fekk besøk var Gloppen folkebibliotek, Eid bibliotek, Bremanger folkebibliotek, Flora Folkebibliotek, Jølster Bibliotek, Gaular folkebibliotek, Førde bibliotek og Selje folkeboksamling.

SOGN OG FJORDANE
FYLKESBIBLIOTEK



EVENTYR- ROMMET 2019

GULLHÅR OG DEI TRE BJØRNANE

25. februar - 15. mars

Med Kyrre Eikås Ottersen og Reidun Melvær Berge

NYNORSK BARNEBOKFEST

21. september: Geitejazz

Med Idun Losnegård og Jakob Wyrzt

28. september: Nordavinden

Med Kyrre Eikås Ottersen

FAMILIELAUDAG PÅ FØRDEHUSET

19. oktober: Sokkedokkeverkstad

Med Anna og Sakiba frå systova

BORNAS VERDSDAGAR FØRDE

23. november: Nordavinden

Med Kyrre Eikås Ottersen

JULEKALENDAR

12.-19. desember:

Med Idun Losnegård og Kyrre Eikås Ottersen

GULLHÅR OG DEI TRE BJØRNANE

Med Reidun Melvær Berge og Kyrre Eikås Ottersen

Gull(hår) og grøne eventyrskogar Eventyrrommet på Sogn og Fjordane Teater opna i 2016. Sidan den gong har vi hatt over 4000 barn på besøk for å høyre eventyra om mellom andre Tommeliten, Askeladden, Hans og Grete og Gullhår og dei tre bjørnane.

Eventyret om Gullhår vart spelt av skodespearane Reidun Melvær Berge og Kyrre Eikås Ottersen. Dei opplevde mykje forventning hos publikummet i barnehagealder.

— Det er kjekt å sjå at barna blir fanga av rommet og alle eventyra på veggane. Det er som om dei går inn i ei anna verd, seier Kyrre.

— Dei tar med seg så mykje forventning og glede. Eg legg også merke til at barnehagane ofte gjer ein heil dag ut av det. Dei et lunsj på Førdehuset og går kanskje på biblioteket. Det er kjekt at teater og historieforteljing kan verte ein del av deira kvardag på den måten, legg Reidun til.

UFILTRERT RESPONS

Uventa ting kan skje når ein spelar teater for barn. Dei er engasjerte, ler høgt og er heilt ærlege.

— Dei gir tydeleg beskjed dersom dei ikkje er fornøgde, ler Reidun og legg til:



— Det kan vere at dei er svoltne, har snubla på vegen hit, eller at dei meiner dragen på veggane bak dei er meir spennande enn det vi gjer. Heldigvis er dei også veldig tydelege når dei er fornøgde. Dei ler høgt når dei synest det er morosamt, og dei kryp opp på fanga når dei synest det er skummelt. Og dei legg ikkje lok på at dei frydar seg over at dei veit kva som kjem.

— Barn har lite filter når det gjeld respons,

og ofte kjenner dei eventyret frå før. Difor prøver vi og legge inn nokre «svingar» for å overraske dei. Vi serverer historia på ein litt anna måte, ja, på vår måte, forklarar Kyrre.

Dei meiner begge at dei vaksne har noko å lære av barna.

— Barn vil ofte delta i historia. Dei snakkar til deg, medan du spelar. Vaksne er på ein måte meir trente i å sjå teater, og

følgjer normene. Der born gir deg si fulle merksemd, trur eg det er vanskelegare å fange dei vaksne i historia. Det er ikkje dragar og fargar som forstyrrar det vaksne publikummet, men sjølvensur, kvardagstankar og mobiltelefonar. Der har nok vaksne litt å lære, seier Reidun.

UNGANE BLIR SETTE

Gullhår og dei tre bjørnane vart denne gongen ikkje berre spelt i Eventyrrommet. Fleire barnehagar i fylket fekk også besøk av Reidun og Kyrre som tok med seg eventyr og rekvisittar og køyrde ut til barnehagar i Dale, Florø og Holmedal, samt ein liten tur på Sentralsjukehuset i Førde. For Reidun vart det ei førstegangsoppleving.

— Det var veldig kjekt! Den største skilnaden var nok at vi no kom heim til dei, dette var på deira heimebane, og vi var på besøk. Eg trur at dei var meir avslappa, men så måtte vi også bruke litt tid på å samle dei, fordi den naturlege forventninga ein får av å reise på teater ikkje var der. Det kjekkaste var mottakinga då vi kom, og avskjedene då vi drog. Alle ville hjelpe og lurte på kven vi var, og dei ville gjerne at vi skulle kjenne dei også. Eg har sjeldan følt meg så velkommen som i ein barnehage, fortel Reidun.

Barnehagane gir tilbakemelding om at teateropplevingar er god læring for barna. — Eventyret om Gullhår vart presentert på ein måte som fenga heile barnehagegruppa vår, trass i det store aldersspennet. Nokre av barna kom med innspel undervegs, og det tok skodespearane på ein god måte. Vi trur at ungene opplevde å bli sette og høyrd. Det gir ei kjensle av meistring at dei klarer å følge med, noko som igjen gir barn og oss vaksne i barnehagen ei god teateroppleving, seier Gry Losnegård Hansen ved Elvetun barnehage i Fjaler.



NORSK DRAMATIKKFESTIVAL 2019

EG SKAL FORTELJE DEG OM MITT LIV

AV VERONIKA ERSTAD

Lesing/vising på Dramatikkens hus 12. juni
Publikum: 40

Regissør Miriam Prestøy Lie

Skodespelar Idun Losnegård

Scenografisk festivalkonsept Sir Grand Lear

Produksjonstid 10 dagar

Iscenesett lesing i samarbeid med Hordaland Teater
og Sogn og Fjordane Teater

Fotograf André Løyning

I samarbeid med Hordaland Teater

Eg skal fortelje deg om mitt liv handlar om einsemd og om å søke mot andre. Når er det for seint å få barn? Korleis er det å ta valet om å få barn åleine, med all tvil det kan innebere? Kva er det som pregar det livet vi lever, og dei vala vi tar?

Veronika Erstad er oppvaksen i Rosendal og bur i Bergen. Ho har studert ved Forfatterstudiet i Bø og i Tromsø og ved Norsk Barnebokforfatter (NBI) si forfattarutdanning i Oslo. Ho debuterte som forfattar med diktsamlinga Eg er så nær morgonen eg kan kome i 2015, og har sidan gitt ut fleire bøker for vaksne og barn.



Dramatikkens hus

Beste kvinnelige skuespiller/hovedrolle



Foto: David Zadig

Reidun Melvær Berge

for rollen som Vibeke i "Alt det lyse og alt det mørke"

av Brynjulf Jung Tjønn, regi Miriam Prestøy Lie - Sogn og Fjordane Teater



Foto: Trine Sirnes

Helga Guren

for rollen som protagonist i "Dritt/La Merda"

av Cristian Ceresoli, regi Audny Chris Holsen - Østfold kulturutvikling og POS Theatre Company i samarbeid med Frida Kahlo Productions, Richard Jordan Productions og BaGS Entertainment i samarbeid med Summerhall



Foto: Stig Håvard Dirdal

Nina Ellen Ødegård

for rollen som Marianne i "Scener fra et ekteskap"

av Ingmar Bergman, regi Kjersti Horn - Rogaland Teater

Beste forestilling for ungdom



Foto: NIE Teater

Brødre & Søstre

konsept og regi Kjell Moberg - Brageteatret og NIE Teater



Foto: Thor Brødreskift

Engelen frå Kobane

av Henry Naylor, regi Miriam Prestøy Lie - Hordaland Teater og Sogn og Fjordane Teater



Foto: Erika Hebbert

Ingenting

av Janne Teller, regi Hilde Brinchmann - Tigerstadsteatret og Oslo Nye Teater

HEDDADAGENE 2019

NOMINASJONAR

I 2019 fekk teateret to nominasjonar til Heddaprisen. Skodespelar Reidun Melvær Berge vart nominert i kategorien 'Beste kvinnelege skodespelar/hovudrolle' for rolla som Vibeke i Alt det lyse og alt det mørke av Brynjulf Jung Tjønn, med Miriam Prestøy Lie som regissør. Sogn og Fjordane Teater vart saman med Hordaland Teater nominert i kategorien 'Beste framsyning for ungdom' for Engelen frå Kobane av Henry Naylor, også med Miriam Prestøy Lie som regissør.

Juryens talsperson, Jan H. Landro, tar tempen på dei nominerte framsyningane i 2019 med følgjande betraktningar:

- Teateråret 2018-2019 har vore kunstnarleg rikt, tematisk mangfaldig og sjangermessig variert - til dels også uføreseieleg - men ikkje i same grad som året før prega av dei spektakulære oppsetjingane. Til gjengjeld har vi fått sjå mange gode produksjonar i det mindre formatet, lågmælteammerspel med stort alvor og høg kvalitet, sier Jan H. Landro, juryens talsperson.

- Juryen registrerer også med interesse at politikken slett ikkje har forlate teatret, men den finn svært ulike former, uttrykk og verkemiddel, peiker Landro på.

- I ei tid med politisk sentraliseringsiver og høglydte rop om stordriftas påståtte velsigningar er det også gledeleg å konstatere at teater-Norge framleis tar heile landet i bruk og at ikkje mindre enn 21 institusjonsteater, fritheatergrupper og andre produserende einingar har nådd opp på den eksklusive lista over kandidatar som er nominerte til årets Heddaprisar, seier han.

HEDDA HEDDA

TEATERET SKIFTAR NAMN

20. september vart det kjent at Sogn og Fjordane Teater skiftar namn til Teater Vestland frå 2020.

Dette vart bestemt då eigarane av teateret – Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune – var samla til ei ekstraordinær generalforsamling. Tida fram mot avgjerda var prega av grundig arbeid. Mange ulike omsyn vart vegne opp mot kvarandre, og fleire namn var oppe til vurdering.

Teatersjef Bodil Kvamme peikar på at det er nokre klare fordelar med det nye namnet. — *Det seier noko handfast om kvar vi er, og så likar eg at «Teater» kjem først i namnet. Det er kjerna i alt vi gjer, seier ho.*

Å gi slepp på eit veletablert namn er alt anna enn enkelt. Teateret legg ikkje skjul på at avgjerda var vanskeleg, og at det også kan vere vanskeleg å motta nyheita. Bakgrunnen for namneendringa er at Stortinget har bestemt at fylkeskartet skal teiknast på nytt. Dei to fylka Sogn og Fjordane og Hordaland skal bli eitt under namnet Vestland.

— *Som regionteater i eit større fylke er det viktig å inkludere alle, seier teatersjef Bodil Kvamme.*

Teateret er det største turnerande teateret i regionen og produserer framsyningar som held så høg, kunstnarleg kvalitet at fleire bør få sjå dei. Teateret har mein enn førti



års erfaring med å sende framsyningar ut på vegen. Inga logistisk utfordring er for stor – og ingen tunnel for trong – når det gjeld å frakte teateret sitt magiske univers heim til folk.

— *Målet vårt er at alle bygder, tettstadar og byar i Vestland skal få høyre sitt eige, vestnorske målføre frå scena. Det skaper sjølvkjensle å vere heime i sitt eige språk, seier teatersjef Bodil Kvamme og held fram:*

— *På sikt trur eg at det nye namnet vil forankre oss som heile Vestland sitt teater. Det er ikkje dei og oss. Det er vi.*

NYNORSK-HUSET

8. oktober vart det kjent at teateret har politisk støtte og økonomiske musklar til å vere med på å realisere Nynorskhuset i Førde.

Begge eigarane av Sogn og Fjordane Teater – Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune – har vedtatt å støtte teateret si deltaking i Nynorskhuset med naudsynnte midlar. Statsbudsjettet kom også med gode nyheiter. Der fekk teateret ein million kroner til å jobbe vidare med Nynorskhus-draumen.

— Dette er viktige midlar for oss og eit tydeleg signal om at det er politisk vilje for at teateret skal vere ein del av Nynorskhuset saman med NRK Sogn og Fjordane og Firda. Det er vi enormt glade for, seier teatersjef Bodil Kvamme.

Både kommunen og fylket aukar tilskotsnivået frå 2022 for å dekke inn dei auka leigekostnadene som flyttinga frå Førdehuset vil innebere.

— Flytteplanane vil med andre ord ikkje gå ut over teateret si kjerneverksemd: Å produsere og å turnere med kvalitetsteater. Sogn og Fjordane Teater er det einaste teateret i Norge som turnerer fast i eit område med store produksjonar på nynorsk, seier styreleiar Rasmus Mo.

Ideen bak Nynorskhuset er å samle kultur og media på nynorsk under eitt tak i det som vil bli den største nynorskkynga i landet.

Direktør Margunn Grytten Selvik har store forhåpningar til kva som kan oppstå i brytinga mellom teateret og media; mellom den skapande scenekunsten og samfunnets vaktbikkje.

— I desse «ulvetider» med raske overblikk og overskrifter, ikkje minst i sosiale media, er det lett for å bli polarisert. Eg meiner at vi treng fleire arenaer for meningsbryting og den gode diskusjonen. Med vekselvis å dra i lag og å utfordre kvarandre ser eg gjerne at Nynorskhuset frå første dag bidrar til kritisk refleksjon og eit opplyst samfunn, seier Selvik.

No er det ikkje så mykje som kan stogge flytteplanane.

— Så sant det ikkje oppstår noko uventa, blir vi ein del av Nynorskhuset. Det nye huset er ei rendyrking og ei satsing som vi trur vil komme nynorskbrukarar, -forkjemparar og -elskarar til gode, seier Selvik.

STATISTIKK

Framsyingar og publikumstal

	Besøkstal	Framsyingar	Formidlingsarrangement
Eigenproduksjon			
Alt det lyse og alt det mørke	1740	21	2
Translyria / Shakespeare	1147	19	3
Maria Magdalena	625	18	
Jostedalsrypa	3343	26	1
Vinje, vår mann	746	27	
Gulhår	273	11	
Det usynlege barnet	666	11	
Nordavinden	255	4	
Geitejazz	888	13	
Jul på teateret	404	7	6
Gjestespel			
Oppdrag Mottro	1431	5	
Lurleik	100	1	
Samproduksjonar			
Engelen frå Kobane	1266	19	2
Kinnaspelet	2000	4	
Samarbeidsprosjekt			
Georgs Magiske Medisin	1988	8	
Nøtteknekkaren	919	2	
Nynorsk Barnebokfest	550		3
Anna aktivitet			
Astrup	20	1	
Dramatikkfestivalen - eg skal fortelje deg om mitt liv	45	1	
Kabaret	115	2	
Sokkedokkeverksted	96	1	
Skrivekurs	8		4
Formidlingsforedrag	52		2
Lansering	105		1
Arrangørsamling	8		1

Nøkkeltal

Tal framsyingar	201
Totalt publikum	18 790
Tal publikum på eiga scene	4 110
Tal publikum på turne	12 468
Tal publikum på kunstnarlege arrangement	16 578
Tal formidlingsarrangement	21
Tal publikum på formidlingsarrangement	598
Tal framsyingar på eiga scene	63
Tal framsyingar på turne	135
Tal kommunar besøkt i Sogn og Fjordane	26
Tal kommunar besøkt utanfor Sogn og Fjordane	6
Tal ulike spelelokale i Sogn og Fjordane	87
Tal ulike spelelokaler totalt	95

PERSONALE

LEIING

Bodil Kvamme
Teatersjef
Margunn Grytten Selvik
Direktør

PRODUKSJON

Karoline Solbakken
Produksjonssjef
Røsandhaug, Kenneth
Teknisk sjef og turnéleggjar
Schwanitz Christina – Inspisient

MARKNAD, SAL OG INFORMASJON

Lene Grande
Informasjons- og marknadssjef
Kjell Mjelleli
Sal/marknad
Marion Aas Wie
Marknadskonsulent
(vikariat 01.03-31.12.2019)

ADMINISTRASJON

Reinert Hukset
Økonomi- og administrasjonsarbeidar

TEKNISK PERSONALE

Digernes, Lillian – Reinhaldar
Eide, Tore – Teknikar
Furevik, Kjell – Snikkar/teknikar
Herland, Odd Magne – Teknikar
Horne, Halldor/ Sveisar – Teknikar
Myska, Krystian – Lysdesignar og lysansvarleg
Ringdal, Synnøve – Rekvisitør (vikariat)
Støfring, Reidun – Rekvisitør og teknikar (permisjon)
Tomkiewicz, Robert – Lyd/AV-ansvarleg
Wingård, Anna – Kostymeansvarleg
Øydvinn, Atle – Lyssetjar

KUNSTNARLEG PERSONALE

Skodespelarar faste
Idun Losnegård
Kyrre Eikås Ottersen
Reidun Melvær Berge (2016-2020)

Engasjerte skodespelarar

Aardal, Anders Firing
Berge, Lars
Helly-Hansen, Madalena S.
Løset, Per Arne
Nag, Torfinn
Nyfløtt, Oda Kirkebø
Omar, Sulekha Ali
Rongve, Preben Lillebø
Sandberg, Benedikte Karine
Stang, Selma
Thrane, Joakim
Valkeapää, Ida Løken
Velle, Eirik Risholm

REGISSØR/KOREOGRAF/DRAMATURG

Alisøy, Oda – Regissør
Gjerløw, Frode – Regissør
Hope, Jon Werede – Koreograf
Kvamme, Bodil – Regissør/dramaturg
Miriam Prestøy Lie – Regissør
Sandsund, Torkil – Regissør
Østbye, Marit – Regissør

MANUS/OMSETJING

Eikevik, Elise Risnes – Omsetjing
Gjerløw, Frode – Dramatikar
Hoem, Edvard – Omsetjing
Lotsberg, Asbjørg – Omsetjing
Naylor, Henry – Dramatikar
Prestøy Lie, Miriam – Dramatikar
Rem, Håvard – Dramatikar
Shakespeare, William – Dramatikar
Tjønn, Brynjulf Jung – Forfattar
Vennerød, Maria Tryti – Dramatikar
Losnegård, Idun – Dramatikar
Losnegård, Rolf – Dramatikar

VISUELL DESIGN

Flight, Ross – Lyddesign
Lie, Tonje – Maskedesign
Lindgren, Tormod – Scenograf
Lund, Else – Kostymedesign
Lund, Kaja Glenne – Lysdesign
Myska, Krystian – Lysdesign
Parry, Ellan – Scenograf/kostymedesign
Strøm, Dordi – Scenograf/kostymedesign/
dokkedesign

ENGASJERT MUSIKAR/KOMPONIST

Bergset, Miriam
Torvang, Magnhild Skomedal
Dahlstrøm, Harald
Halten, Adele
Hammer, Arne
Monsen, Matias
Os, Erlend
Per Janke Jørgensen – Komponist
Prestø, Rolf
Rennestrøm, Stig Harald
Sandberg, Arne TEF
Sandvik, Kåre
Skar, Julian – Komponist
Stang, Selma
Sture, Jan Øyvind Grung
Wyrzt, Jakob

ØVRIG ENGASJERT PERSONALE

Arnautovic, Sakiba – Kostymesyar
Dahle, Rebecca – Kostymesyar
Danielsen, Anette Cecilie – Syar
Fjeldstad, Ingvill – Syar
Hattestein, Heidi – Tekst/samtaleleiing
Martiniussen, Margit – Reinhald
Mulen, Laila – Reinhald
Nordeide, Håvard – Teatervert
Noreger, Kari – Dokkemakar
Nyttingnes, Espen – Foto/film
Ottesen, Charlotte Prydz – Inspisient
Petersen, Jenny C. – Inspisient
Rintler, Charlotte – Dekor

Røsandhaug, Anette Eide – Kostymesyar
Sira, Jon Eirik – Lys
Søreide, Live Brændmo – Sminke/frisør
Tjønneland, Jan – Teknikar
Univerket – Grafisk utforming
Ylva B Nordheim – Søm
Zadig, David – Foto
Østbye, Marit – Språkkonsulent

SAMARBEIDSPARTAR

Dramatikkens hus
Dramatikkfestivalen
Firda vgs
Flora bibliotek
Førde Bibliotek
Førde Kulturskule
Førde mållag
Førdefestivalen/Bornas Verdsdagar Førde
Førdehuset
Haugesund Teater
Heddadagene
Hordaland Teater
Kinnaspelet
Kultur natt i Sunnfjord
Kultur tanken/Den kulturelle skulesekken
Sogn og Fjordane
Rom for ord
Sogn og Fjordane fylkesbibliotek
Sogn og Fjordane mållag
Teaterfestivalen i Fjaler
United World College



«Alt det lyse og alt det mørke»

Av Brynjulf Jung Tjønn
Foto: David Zadig

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.


	Note	2019	2018
Billett og programsal		1 686 021	1 482 651
Anna salsinntekt	13	48 500	86 315
Driftstilskot	7	28 386 000	27 729 000
Sum driftsinntekter		30 120 521	29 297 966
Materialkostnad		601 927	766 895
Kostnad turne/oppøkjande verksemd		1 703 069	1 648 523
Kostnad vedk. lokale	10	2 148 499	2 070 850
Lønskostnad	5, 6	21 462 693	20 043 644
Avskrivning	1	617 851	585 889
Annen driftskostnad	6	4 198 746	4 454 464
Sum driftskostnader		30 732 785	29 570 265
Driftsresultat		-612 264	-272 300
Renteinntekt		2 158	13 685
Rentekostnad		-47 080	-59 556
Årsresultat		-657 186	-318 171
Disponering av årsresultatet			
Overført frå annan eigenkapital		657 186	318 171
Sum disponert		-657 186	-318 171

BALANSE PR. 31.12.


	Note	2019	2018
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Prosjekt Nynorskhuset	1	600 000	0
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1, 12	4 921 250	4 921 250
Driftslausøyre, inventar, verkty, kontormaskiner o.l.	1	2 490 265	1 675 833
Sum varige driftsmiddel		7 411 515	6 597 083
Finansielle anleggsmidler			
Eigenkapitalinnskot KLP	5	655 038	655 038
Sum finansielle anleggsmidler		655 038	655 038
Sum anleggsmiddel		8 066 553	7 252 121
Omløpsmiddel			
Fordringar			
Kundefordringar	11, 12	391 938	251 584
Andre fordringar	8	201 223	108 378
Sum fordringar		593 161	359 962
Bankinnskot, kontantar o.l.	2	1 172 054	1 034 116
Sum omløpsmiddel		1 765 215	1 394 078
SUM EIGEDELAR		10 431 767	8 646 199

Førde, 24.02.2020


	Note	2019	2018
EIGENKAPITAL OG GJELD			
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital (10 aksjer á kr 10 000)	3, 4	100 000	100 000
Sum innskutt egenkapital		100 000	100 000
Opptjent egenkapital			
Annan egenkapital	3	3 293 944	3 951 130
Sum opptjent egenkapital		3 293 944	3 951 130
Sum egenkapital	3	3 393 944	4 051 130
GJELD			
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	2 506 751	592 726
Leverandørgjeld		669 789	554 816
Skuldige offentlege avgifter		1 676 904	1 490 527
Anna kortsiktig gjeld	9	2 184 380	1 956 999
Sum kortsiktig gjeld		7 037 823	4 595 068
Sum gjeld		7 037 823	4 595 068
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		10 431 767	8 646 199



Rasmus Mo
Styreleiar


Iris Lofheim
Nestleiar


Ola Tarjei Kroken
Styremedlem


Kjell Arvid Furevik
styremedlem


Bodil Kvamme
Dagleg leiar


Kristine Lie
styremedlem

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR 2019

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

Salsinntekter

Inntektsføring av billettinntekter skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei blir levert. Offentlege tilskot vert bokført etter bruttometoden.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Fordringar klassifiserast som omløpsmiddel dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt til grunn.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel er vurdert til kostpris. Varige driftsmiddel vert balanseført og avskrive over driftsmidlet si økonomiske levetid. Varige driftsmiddel vert nedskrive til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje vert venta å vere forbigåande. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast lineært over driftsmidla si forventade levetid dersom dei har vurdert levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Vedlikehald av driftsmidla vert kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar leggst til driftsmidlet sin kostpris og avskrivast i takt med driftsmidlet. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring reknast i forhold til driftsmidlet sin stand ved kjøp av driftsmidlet.

Immaterielle eigedelar

Utgifter til eigen utvikling av immaterielle eigedelar kostnadsføres løpande. Utgifter til andre immaterielle eigedelar balanseførast i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigendel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsatt fall kostnadsførast utgifter løpande. Balanseført utvikling avskrivast lineært over økonomisk levetid.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap gjerast på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg for andre kundefordringar blir det gjort ein spesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Pensjonar

Pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordninga for teatret sine tilsette er ikkje balanseført før den tilsette tek ut pensjon. Forpliktingar/pensjonsmiddel knytt til innskotsbasert pensjonsordning er ikkje balanseført.

Skatt

Teatret er ei ikkje-skattepliktig verksemd.

Note 1 Varige driftsmiddel og immaterielle eiendeler

	Personalhusvære	Kunst	Bil	Inventar kontorutst.	Øvrige driftsmidler	Bygningsinnreng	Totalt
Kostpris 1.1.	4 921 250	80 000	1 820 969	264 746	2 177 863	1 751 032	16 415 557
Tilgang			875 100	35 074	522 108		1 432 283
Avgang							-
Kostpris 31.12.	4 921 250	80 000	2 696 069	299 820	2 699 971	1 751 032	17 847 840
Akk. avskrivningar 31.12.			1 492 132	176 643	1 620 718	1 747 136	5 036 629
Balansført verdi pr. 31.12.	4 921 250	80 000	1 203 937	123 178	1 079 253	3 896	7 411 515
Avskrivningar i år	0	-	189 017	40 735	384 500	3 599	617 851

Immaterielle eigendelar gjeld balansførte kostnader til prosjekt Nynorskhuset. Tilgang i året er 600.000. Prosjektkostnadane avskrivast ikkje i 2019. Teateret fekk i 2019 kr. 270 000 i tilskot til dette prosjektet. 40% vart godskreve dei andre deltakarane i prosjektet. Teateret sin andel er gått til frådrag i dei aktiverte kostnadane.

Note 2 Bundne midlar

	I år	I fjor
Bundne midlar per 31.12	1 053 894	933 305

Note 3 Eigenkapital

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 1.1	100 000	3 951 130	4 051 130
Resultat i år		-657 186	-657 186
Eigenkapital 31.12	100 000	3 293 944	3 393 944

Note 4 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen på kr 100.000 består av 10 aksjar a kr 10.000. Alle aksjar har like rettar.

Oversikt over aksjonærane per 31.12.

Namn	Tal aksjar	Eigardel
Vestland Fylkeskommune	8	80 %
Sunnfjord Kommune	2	20 %
Totalt	10	100 %

Note 5 Pensjon

Teateret har fram til 30.06.2016 hatt ei kollektiv pensjonsforsikring (ytelsesplan). Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse har i hovudsak vore avhengig av tal oppteningsår, lønsvå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.

Frå 01.07.2016 gjekk teateret over til ei innskotsbasert pensjonsordning. Det er i samband med overgangen balanseført eit eigenkapitalinnskott til KLP på kr 655 038,- under finansielle anleggs- midlar pr. 31.12.2019 for handtering av forpliktelsane inngått i tidlegare ytelsesordning.

Teateret sine tilsette har i tillegg ei tariffesta AFP-ordning (usikra). Forpliktelsen ifølgje ordninga er ikkje rekneskapsført som gjeld. Ordninga finansierast gjennom premieinnbetalingar.

Teateret si pensjonsordning tilfredsstillar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

	Fast	Kontrakt	Sum
Under 30 år	1	2	3
Frå 30 til 40 år	2	2	4
Frå 41 til 50 år	7	0	7
Frå 51 til 64 år	7	0	7
Frå 64 til 70 år	2	0	2
Sum	19	4	23

Netto pensjonskostnad kjem fram på følgjande måte:	I år	I fjor
Utbetalte pensjoner frå selskapet	0	0
Premie AFP-ordning	235 983	207 034
Pensjonspremie til innskotsordning	1 599 809	1 795 567
Pensjonspremie til kollektiv ordning	262 488	325 441
Eigenandel pensjon tilsette	-220 186	-205 185
Netto pensjonskostnad i år	1 878 094	2 122 857

Note 6 Lønskostnader, tal tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnader	I år	I fjor
Løner og honorar	18 083 901	17 230 991
Arbeidsgjevaravgift	2 151 596	2 032 030
Pensjonskostnader	1 878 094	2 122 857
Lønnsrefusjon samarbeidsprosjekt	-299 826	-1 688 757
Andre lønsrelaterte ytingar	-351 072	346 523
Sum	21 462 693	20 043 644

Det har vore 21 fast tilsette og 2 personar på årskontrakt.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	876 529	144 385
Anna godtgjersle	43 088	

Pr 31.12.19 er det ingen lån/trygdgjeving til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i rekneskapsåret var kr 125 113, av dette er kr. 82 800 knytt til revisjon og resten til andre tenester. I tillegg er det fakturert 12 500 for juridiske tenester. Beløpene er inkludert meirverdiavgift.

Note 7 Spesifikasjon av driftstilskot

	I år	I fjor
Ordinært tilskot staten	19 870 000	19 410 000
Ordinært tilskot Sogn og Fjordane Fylkeskommune	6 387 000	6 239 000
Ordinært tilskot Førde kommune	2 129 000	2 080 000
Sum	28 386 000	27 729 000

Note 8 Andre fordringar

	I år	I fjor
Forskotsbetalte kostnader	60 035	29 631
Periodisering inntekter	108 605	60 001
Kortsiktig lån tilsette	32 583	18 745
Sum	201 224	108 378



«Translyria»
Manus av Frode Gjerlöv
Foto: Espen Nyttningnes

Note 9 Anna kortsiktig gjeld	I år	I fjor
Skuldig feriepenge/løn	1 872 899	1 715 077
Påløpne kostnader	311 481	241 922
Sum	2 184 380	1 956 999

Note 10 Leigeavtaler	Kostnadsført husleige
Husleigeavtale	1 629 875

Det er inngått ny leigeavtale med Førde Kommune gjeldende fom. 1.1.2019 med tilnærma like vilkår som tidlegare.

Note 11 Kundefordringar	I år	I fjor
Kundefordringar til pålydande 31.12.	111 588	194 384
Delkredereavsetning 31.12.	0	0
Opptjent inntekt	280 351	57 200
Kundefordringar 31.12.	391 938	251 584

Note 12 Gjeld

Gjeld sikra med pant	I år	I fjor
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	0	0
Kortsiktig gjeld til kredittinstitusjoner (kassekreditt)	2 506 751	592 726
Sum gjeld sikra med pant 31.12.	2 506 751	592 726

Note 13 Spesifikasjon av anna salsinntekt

	I år	I fjor
Inntekter frå utleige	24 350	15 615
Andre inntekter	24 150	70 700
Sum	48 500	86 315

Til generalforsamlinga i Teater Vestland AS

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Teater Vestland AS sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgaver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet shk det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvika.

Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utært i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgaver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», metner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 24.02.2019
PricewaterhouseCoopers AS



Jan Fløe
Statsautorisert revisor



«Jostedalsrypa»

Av Maria Tryti Vennerød og Julian Skar
Foto: David Zadig

